



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.:	Doknr.
1211193	
Mottatt: 21 MAI 2013	
Saksbeh.:	Arkiv:
LP/UM	512.1
Kop.:	Ansatt:

Høring - Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord

Viser til utsendt «Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord» med tilhørende brev datert 19.04.2013 der fylkesmennene er høyringsinstans.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er glad for at det kjem ei tilskotsordning til drenering av jordbruksjord. Det er og gledeleg at arbeid som profilering og omgraving gjev rett til tilskot. Nokre kommentarar til enkelte av paragrafane:

§ 2:

c) *Systematisk grøfting*:

Her kan teksten like gjerne vere: «Drenering med en bestemt avstand mellom grøftene som dekker et gitt areal» osv.

e) *Omgraving*. I Møre og Romsdal er det brukt mykje omgraving med skråstilte lag med godt resultat. Denne metoden bør også vere med i definisjonane og med kort forklaring. Overskrift til e) kan evt. vere: *Omgraving og omgraving med skråstilte lag*.

§3

Det skal berre gjevast tilskot til jordbruksareal som tidlegare har vore grøfta. Dette er vel fastlagt for i år, men ved framtidige justeringar bør det kunne gjevast tilskot til all tidlegare dyrka jord. Dagens store og tunge utstyr krev gjerne betre bereevne og for å hindre at areal går ut av drift vil drenering vere aktuelt tiltak på tidlegare ugrøfta fulldyrka jord.

Det må vere grøfteplan og kart. Når det gjeld miljøplan trinn 2 eller annan miljøinformasjon viser vi til §5.

§4.

Kostnadane til drenering er store, gjerne 8000-10000 kr pr dekar. Eit tilskot på kr 1000 pr dekar og kr 10 pr m grøft er svært lite. (Berre rørkostnad pr m. 3'' er kr 28,- +m. Systematisk grøfting av 1 da med 6 m grøfteavstand vil medføre om lag 4600 kr berre i rørkostnad) Det spørsmål om tilskot på 1000 kr pr da. er nok for å få opp aktiviteten med drenering slik vi ønskjer. Dette vert nok enno vanskelegare på leigejord enn på eiga jord.

Satsane er vel fastsette for dette året, men når ein ser omfanget av dreneringsarbeida bør det vere rom for justering av satsane.

Mange planer bør lagast av fagfolk. Skal brukarane leige planleggingshjelp til 500 kr/t eller meir, vil kanskje meir enn tilskotet gå med til planlegging. Det bør vere rom for å dekke ein del av planleggingskostnaden innafor ordninga. Dette kan enklast gjerast med eit påslag

med ein fast prosent av det utrekna dreneringstilskotet. Dette planleggingsbeløpet kjem då i tillegg til dreneringstilskotet pr. dekar.

Det vert foreslege at minste tilskot vert sett til kr. 3000,-.

§5

Dei opplysningane som gjeld miljøplan trinn 2 eller tilsvarande miljøopplysningar kan kome inn i søknadsskjemaet, i alle fall for små saker. Det ville vore ei forenkling for brukarane.

Vi er einige i 3-årsfristen for gjennomføring og at det ikkje vert gjeve høve til forlenging.

§6

Formålet etter §1 er at alle dreneringssaker skal gje auka jordbruksproduksjon. I tilfelle det vert for lite tilskotsmidlar vert det dei søknadane som reduserer vassforureininga mest som skal prioriterast. Teksten i §6 slik den står er ikkje avklarande.(I grunn det same som i §1.)

Teksten kan reduserast til: Vassdrag som er mest utsette for vassforureining skal prioriterast.

§§7-12

Ingen merknader til desse paragrafane

Eit utfyllande rundskriv til ordninga er nødvendig.

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)
Fylkesjordsjef

Byrge Fitje

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.